

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tirsdag 5. september 2017
Tid: kl. 18.00
Sted: Tysvær rådhus, 1. etasje

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf. 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil bli lagt ut på kommunen si nettside www.tysver.kommune.no og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen er innkalla /invitert for å orientere i sak 17, 18 og 23/17.


Saksliste:

- 16/17 Godkjenning av protokoll frå møtet 30.05.17 og særutskrift i sak 15/17
- 17/17 Orientering frå administrasjonen – kultursjefen
- 18/17 Oppfølging av merknader i revisjonsrapport - årsrekneskap 2016
- 19/17 Revisor si egenerklæring for 2017
- 20/17 Plan for rekneskapsrevisjonen 2017
- 21/17 Budsjett 2018 – kontroll og tilsyn – utvalet sitt framlegg
- 22/17 Møteplan for 2018
- 23/17 Referat- og orienteringssaker 05.09.17
 - Evaluerer av investeringsprosjekt v/teknisk sjef
 - Tilbakemelding frå FKT-konferansen v/utvalsleiar og sekr.

Eventuelt

Aksdal, 29.08.17

Arne Gjerde (sign.)
utvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sak 17/17)
Varamedlemmer (til orientering, m/unnatak av 1.vara som møter for Linda Å. Bokn)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	05.09.17	16/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 30.05.17 OG
SÆRUTSKRIFT I SAK 15/17**

Vedlegg: Protokoll fra møtet 30.05.17
Særutskrift i sak 15/17 – skriftleg sakshandsaming

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 30.05.17 og særutskrift i sak 15/17 følgjer vedlagt. Protokollen og særutskriften er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og blei oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 30.05.17 og særutskrift i sak 15/17 blir godkjent slik dei ligg føre.

Aksdal, 29.08.17



Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 30. mai 2017 blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Arne Gjerde.

MØTESTAD:	Lars Hertervig rommet, Tysvær rådhus
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 20.30
MØTANDE MEDLEMMER:	Arne Gjerde (H), Øyvind Hellerslien (FrP) og Åse Paulsen (A)
MØTANDE VARAMEDLEMMER	1. varamedlem Marit Hølland Gjedrem (Sp) 2. varamedlem Sigrid Skeiseide (FrP)
FORFALL:	Linda Ånderå Bokn (V) Karsten A. Larsen (FrP)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS Revisor Eirik Braut, KPMG AS t.o.m. sak 12/17 Forvaltningsrevisorane Bjørg R. Sandven og Lena Davik Fjærtøft, KPMG, Bergen t.o.m. sak 13/17
ANDRE SOM MØTTE:	Teknisk sjef Bjørn Bruaset i sak 11/17 og under punkt 15-17 i sak 14/17 Økonomisjef/ass. rådmann Tor Leif Helgesen t.o.m. sak 13/17
MERKNADER TIL INNKALLING	Varamedlem var ikkje nøgd med postleveringa.
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	I sak 14/11 ønskte leiar teknisk sjef til stades om Garhaug industrifelt og denne saka blei tatt opp rett etter sak 11/17.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 10/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 07.02.17

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 07.02.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 30.05.17:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.05.17:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 07.02.17 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 11/17 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – TEKNISK SJEF

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tek teknisk sjef si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 30.05.17:

Teknisk sjef delte ut eit notat som han hadde laga som bygde på innspel til driftsbudsjett for 2017, årsmeldinga 2016 og siste tertialrapport. Han gjorde greie for dei ulike tenestene og organiseringa av seksjonar: Forvaltning, Drift/eigedom og Brann/redning. Sistnemnde vil gå inn i HBR IKS i 2018. Resultatområdet har ca. 85 årsverk fordelt på 104 tilsette. Bruttobudsjettet er på 90,5 mill. kr og utgjer 11 % av samla budsjett. Teknisk utval har møte kvar 6. veke, og dei var nøgd med ordninga med orientering i forkant av møta om store plansaker. Vedtatt sparekrav var utfordrande, samt høgt sjukefråver, spesielt innan reinhald. Han nemnde fleire fokusområde for 2017, der Enøk og oppdatering av nettsidene blei omtalt.

Utvalet stilte spørsmål, mellom anna om klagesaker og tilhøvet til fylkesmannen. Teknisk sjef svarte at dei hadde kontaktmøte, og at dei opplevde møta som ressurskrevjande. Dei var heller ikkje alltid konsistente i sine avgjerder, noko som igjen førte til at det var vanskeleg å vite kva som var kommunen sitt handlingsrom.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.05.17:

Tysvær kontrollutval tek teknisk sjef si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

SAK 12/17 UTTALE TIL TYSVÆR KOMMUNE SITT ÅRSREKNESKAP 2016

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskapen 2016 slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september 2017 på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgt opp.

Handsaming i kontrollutvalet 30.05.17:

Utvalssekretær innleia. Økonomisjefen gjekk kort gjennom rekneskapstala og grunnane for det gode resultatet. Årsresultatet på 51 mill. kr blei karakterisert som særdeles strålande, og er blant dei 5-6 beste i landet. Han viste til at eigedomsskatten gav 35 mill. meir enn året før, resultatatområda i hovudsak gjekk samla med 17 mill. i overskot og låg skatteinngang på 84 % gjer at ein blir løfta opp til 95 % av landssnittet.

Det er usikkerheit knytt til klagesakene til eigedomsskatten og pågåande prosess i rettssystemet som vil kunne få store konsekvensar for kommunane. Det vil ta år å få ei endeleg avklaring i Høgsterett.

Økonomisjefen svarte på utvalsleiar sine spørsmål om kvifor rådmannen opererer med to netto driftsresultat-tal: det eine er dei offisielle og vert nytta ved KOSTRA-rapportering og det andre er for å vise kommunestyret sitt reelle handlingsrom, fråtrekt eigedomsskatt til Bokn.

Det var avlevert ein rein revisjonsmelding, men revisor hadde i år kome med to kommentarar i eige brev til leiinga. Det gjaldt manglande fullmakter etter budsjett- og delegasjonsreglementet og manglande rebudsjettering av investeringar. Økonomisjef og revisor hadde i forkant av møtet drøfta innhaldet. Økonomisjef viste til at oppdatert reglement var på veg til politisk handsaming i juni, og at rebudsjettering var vanskeleg å etterleve i det verkelege livet.

Utvalet hadde spørsmål om fond som blei svart på. Utvalet var samde om at dei vil ha ei skriftleg tilbakemelding på revisor sine kommentarar. Revisor hadde ingen fleire ytterligare kommentarar.

Utvalet hadde elles ingen merknader til framlegg til uttale.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.05.17 og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kontrollutval vedtek slik uttale til årsrekneskapen 2016:

«Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2016 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 51 mill. kr (etter avsetjing av driftsmidlar til investeringar og fond i samsvar med budsjett).

Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 93,8 mill. kr, som utgjer 9,2 % av driftsinntektene. I eit korrigert netto driftsresultat utgjer det 88,3 mill. kr, nær 8,4 % av driftsinntektene inklusiv renter og fråtrekk frå avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2016, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2016 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2016 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.16.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet ytterlegare merknader til Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2016.»

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september 2017 på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgt opp.

SAK 13/17 PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – «ØKONOMISTYRING»

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Økonomistyring" i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/ evt. med desse endringane:

Ramma vert sett til 200 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 30.05.17:

Utvalsleiar innleia. Forvaltningsrevisor Bjørg Rabbe Sandven gjorde greie for deira forarbeid og førebuingar, mellom anna samtale med rådmann og økonomisjef, om føremålet med prosjektet, framlegg til problemstillingar, revisjonskriterier og gjennomføringsplan.

Utvalet drøfta kva administrasjonen kunne gjere sjølv og kva revisor kunne finne ut. Det blei stilt spørsmål om nytte av rapporten, slik mandatet var sett opp. Administrasjonen og utvalet ønskte at revisor skulle vere meir løysningsorientert, og ikkje berre ha ei observerande rolle. Revisor gjorde merksam på dei ikkje var rådgjevarar, men kunne gje generelle tilrådingar, ikkje detaljerte løysningar for kommunen.

Utvalsleiar hadde mange innspel til utkast til mandat. Utvalet støtta desse, og meinte det var viktig å få med ei samanlikning med andre kommunar og at undersøkingane blei gjort på alle nivå i kommunen, ikkje berre blant leinga.

Revisor noterte innspela, og meinte at dei på bakgrunn av dei innkomne innspela kunne kome med ein revidert prosjektplan. Dei ønskte ei rask avklaring på bestilling for å komme i gang med datainnsamling før sommaren.

Utvalet var samd i å gå inn for prosjektet, men med nye problemstillingar. Utvalet var samd i at utvalsleiar og sekretær skulle saman ta stilling til ny plan og den vidare saksgang.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.05.17:

Tysvær kontrollutval ber om nytt utkast til prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Økonomistyring" i tråd med dei innspela som ligg føre innan 2 veker.

Utvalsleiar og sekretær tar stilling til nytt mandat og den vidare saksgang.

SAK 14/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 30.05.17

10. Statusrapport pr. mai 2017
11. Skatteetaten- kontrollrapport 2016 vedk. skattekrevjarfunksjonen
12. Komm.styrevedtak 07.03.17, sak 12/17 – oppfølging av rapport «Internkontroll»
13. Komm.styrevedtak 07.03.17, sak 13/17 – forvaltningsrevisjonsrapport – «Kvalitet i opplæringa i skulane»
14. Svar frå rådmannen – utlån av utstyr, maskinar og kjøretøy i Tysvær kommune
15. Brev frå Oddvar Dalva - Industriområdet på Garhaug, dat. 06/08.02, reg. inn17.02.17
16. Førebels svar til Dalva og brev til kommunen om uttale
17. Kommunen sin uttale – industriområdet på Garhaug
18. Karmsund Havn IKS – møte i hamnerådet 23.03.17 og ekstraord. møte 02.05.17
19. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS – representantskapsmøte 24.04.17
20. Interkommunalt Arkiv (IKA) Rogland IKS - representantskapsmøte 26.04.17
21. Haugaland Vekst IKS – representantskapsmøte 28.04.16
22. Innkalling til representantskapsmøte i HIM IKS 24.05.17
23. Innkalling til generalforsamling i Haugaland Kraft AS 12.06.17
24. Innkalling til representantskapsmøte i Krisesenter Vest IKS
25. Forum for Kontroll og Tilsyn – svarbrev til Foreningen Familie i barnevern
26. «Bernt svarer» - Kommunal rapport 24.04.17

Handsaming i kontrollutvalet 30.05.17:

Sekretær gjorde greie for sakene. Utvalet var særst nøgd med leiinga si avgjerd om ikkje lenger tillate utlån av utstyr og maskinar til dei tilsette.

Utvalet støtta sekretariatet sitt framlegg til vedtak om å avvise saka frå Dalva. Teknisk sjef var samd i at kombinasjonen bustad og industri ikkje var ideell. Sak om gjerde hadde nyleg vore handsama i teknisk utval og dei hadde også vore på synfaring. Kontrollutvalet ønskte at det i vedtaket også blei tatt med eit tillegg om teknisk.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.05.17:

Kontrollutvalet tar referatsakene 10 - 26 til orientering.

Tysvær kontrollutval avviser sak frå Oddvar Dalva grunna med at saka ligg utanfor kontrollutvalet sitt mandat.

Kontrollutvalet vil visa til teknisk etat sitt ansvarsområde og handsaminga i teknisk utval.

EVENTUELT

Vegkryss Fv 515 ved Straum-Gaupås v/Skjoldastraumen – KST-sak 04.04.17, sak 20/17

Øyvind Hellerslien mente at utvalet burde sjå nærare på denne saka, men då for å sjekke om administrasjonen hadde lært noko og om dei hadde gjort nokon evaluering i etterkant. Feilen hadde påført kommunen store ekstrakostnader og sak om tilleggsloyving. Sjølv om rådmannen meinte det var feil prosjektering, blei det inngått forlik. Utvalet viste til andre prosjekter med store overskridingar og det blei stilt spørsmål om kommunen har nokon «tabbeforsikring».

Utvalet var samd i at dei ønskte ei orientering frå rådmannen i neste møte.

Neste møte: tysdag 5. september 2017, kl. 18.00

Aksdal, 30. mai 2017

Arne Gjerde (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Skriftleg sakshandsaming	Saksnr
Kontrollutvalet	01.06.17- 06.06.17	15/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REVIDERT PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – «ØKONOMISTYRING»

Vedlegg: **KPMG:** Nytt utkast til prosjektplan- «Økonomistyring», dagsett juni 2017
(fordeling av timetal er ikkje off., Offl § 13/Forv. § 13)
Forskrift om fjernmøte og skriftleg saksbehandling av 13.01.93 (IM)

Saksorientering:

I møtet 30.05.17, sak 13/17 ba kontrollutvalet revisjonen om å legge fram et nytt utkast til prosjektmandat på forvaltningsprosjektet om økonomistyring så snart som mogeleg, men seinast innan 2 veker. Revidert plan blei oversendt sekretariatet dagen etter, dvs 31.05.17.

Prosjektdeltakar Lena Davik Fjørtoft skriv følgande:

Viser til gårsdagens møte i kontrollutvalet i Tysvær kommune. Sender herved ein revidert prosjektplan, kor vi har gjort presiseringar i formål og problemstillingar. I tillegg har vi skreve ut metodekapittelet.

Det er ynskjeleg at du distribuerer denne vidare til kontrollutvalsleiar og medlemmene, og at dei godkjenner/eventuelt gir tilbakemeldingar på den reviderte prosjektplanen. Det er ynskjeleg å få prosjektplanen godkjent så snart som råd, slik at me kan starte på datainnsamlinga på denne sida av sommarferien.

Det er ynskjeleg å få godkjenning/eventuelt tilbakemeldingar på revidert plan innan fredag 9. juni.

Bakgrunn

Temaet er prioritert som nr 2 i Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020. Planen blei vedteken av kommunestyret 01.06.16, sak 40/16. Prosjekt nr 1 blei igangsett i haust og var lagt fram for kommunestyret i mars.

I møtet 07.02.17, sak 7/17 ba kontrollutvalet revisjonen om å legge fram utkast til prosjektmandat på dette forvaltningsprosjektet til neste møtet i mai. Utkast til plan blei oversendt sekretariatet 22.05.17 og sendt ut i sakskartet til møtet 30.05.17 som sak 13/17.

Føremål og problemstillingar

Føremålet med denne forvaltningsrevisjonen er å vurdere korleis Tysvær kommune arrbeidar med å identifisere, handsame og gjere tiltak for å rigge sin økonomi når økonomiske føresetnader som inntektsgrunnlaget vert endra. I revidert plan er det også tatt med følgjande:

Forvaltningsrevisjonen vil også vurdere korleis Tysvær kommune si organisering påverkar kommunen sin økonomi, samanlikna med andre kommunar.

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbettringsorientert, og vil ha som føremål å gje tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer avvik eller mogelege forbettringsområde

I første plan var følgjande problemstillingar foreslått:

- 1. I kva grad har Tysvær kommune identifisert og analysert risiko for framtidige inntektsendringar og vurdert risikoreduserande tiltak?***
- 2. I kva grad arbeider Tysvær kommune systematisk med innsparingsvedtaket?***
 - a. Kva er status i høve oppfylling av innsparingskravet?*
 - b. Kva er konsekvensane av dei innsparingane som er gjort hittil?*
- 3. I kva grad har kommunen fokus på moglege innsparingar i infrastrukturorganiseringa i kommunen?***
 - a. Er det gjort berekningar?*
 - b. Er det identifisert innsparingspotensial?*
 - c. Framstår eventuelt potensial som realistisk?*

I revidert plan og på bakgrunn av innspel i møtet, er det no tatt inn følgjande problemstillingar:

- 1. I kva grad har Tysvær kommune identifisert og analysert risiko for framtidige inntektsendringar og vurdert risikoreduserande tiltak?***
 - a. Er risikoanalysane tilfredsstillande gjennomført?*
 - b. Er vurdert sannsyn og konsekvens for framtidige inntektsendringar realistisk?*
 - c. Er avgjerslegrunnlaget for framtidige inntektsendringar tilfredsstillande?*
- 2. Korleis arbeider Tysvær kommune med innsparingsvedtaket?***
 - a. Kva er konsekvensane av dei innsparingane som er gjort hittil?*
 - b. Er det etablert relevante tiltak for å gjennomføre uteståande innsparingar?*
 - c. Kva er moglege konsekvensar av dei innsparingane som er planlagt?*
- 3. Korleis vert økonomien påverka av kommunen si organisering av tenester og tilsette?***
 - a. Kva vurderingar har kommunen gjort av samanhengen mellom organisering og økonomi?*
 - b. Samanlikna med andre kommunar, på kva område avvik Tysvær kommune negativt i høve kostnadseffektiv drift?*
 - c. Korleis skil Tysvær kommune si organisering seg frå andre kommunar med meir kostnadseffektiv drift?*

Slik sekretariatet vurderer det er disse problestillingene betre formulert enn dei fyrste og meir i samsvar det utvalet ønskjer å sette lys på. Vidare er tilnærming, dvs. metoden betre og meir utfyllande omtalt.

Revisor gjer merksam på at for problemstillingane i pkt 2b og 2 c vil det bli primært fokusert på tenestemrådene Aktivitet/omsorg og Helse/førebygging.

Når det gjeld samanlikning med andre kommuner er det i revidert prosjekt nemnt kommunar i same KOSTRA –gruppe, men utvalsleiar har pr telefon i dag tatt opp med prosjektleiar at det er ønskje om det blir gjort samanlikning med kommunar i Tysvær sin nærleik (Vindafjord, Bømlo, Kvinnherad o.a.). Desse kommunane har kommunestyret sjølv vedtatt skal nyttast ved samanlikningar.

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på 200 timar, som er ingen endring frå fyrste utkast. Timane er innanfor det som kommunestyret har sett av i budsjettet til forvaltningsrevisjon i 2017.

Av metode er nemnt dokumentinnsamling og bruk av intervju. Metodekapitlet er no meir utdypa og har tatt omsyn til utvalet sitt ønskje om meir intervju med dei tilsette i kommunen på ulik organisatorisk nivå.

Når det gjeld aktivitets- og framdriftsplan har KPMG tidlegare bede om at det ikkje vert gjort offentleg, då den syner selskapet si disponering av ressurar. Sekretariatet har teke dette ut på side 5 med heimel i Off.loven § 13/Forv. lov § 13.

KPMG legg opp til oppstart vil vere i juni, datainnsamling og intervju fram til september med statusrapport til kontrollutvalet den 5. september. Rapportskriving og høyring av rapporten vil skje i oktober, med levering av endeleg rapport i forkant av kontrollutvalet sitt møte i november. Utvalet skal ha møte 14. november og rapporten vil då bli lagd fram for kommunestyret i desember, då kommunestyremøtet i november er 21.november (ei veke etter kontrollutvalet).

Kontrollvalet må før endeleg bestilling ta stilling til om dei framlagde problestillingane dekkjer det kontrollutvalet ønskjer å oppnå med prosjektet.

Utvalsleiar og sekretær er blitt samde i at saka blir lagt fram for utvalet med skriftleg sakshandsaming (eige forskrif), og med framlegg om å godkjenne/bestille prosjekttmandat i tråd med det reviderte utkastet til prosjektplan som ligg føre.

Saka vert lagt fram under tilvising til forskrift om fjernmøte og skriftleg sakshandsaming av 13.01.93. Den krev i flg § 4 at samtlege medlemmer får sendt kopi av sakens dokumenter samstundes og med framlegg til vedtak.

For gyldig vedtak vert det krevd at alle medlemmene gir sin tilslutnad til det framlagte framlegget og at dette blir gjort etter skriftleg sakshandsaming.

Kvar enkelt medlem svarar på tilsendt e-post og tilbakemeldinga vil bli tatt ut på papir av sekretariatet. Det vil så bli laga ein protokoll, som vil bli lagt fram for utvalet til godkjenning i neste møte.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak 01.06.17:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Økonomistyring" i tråd med det reviderte utkastet til prosjektplan som ligg føre.

Ramma vert sett til 200 timar.

Skriftleg handssaming i kontrollutvalet 01.06.17 - 06.06.17:

Karsten A. Larsen 01.06.17: «Jeg støtter forslag til vedtak.»

Arne Gjerde 02.06.17: «Framlegg til revidert prosjektplan for forvaltningsrevisjon "Økonomistyring" blir herved støtta.»

Åse Paulsen 02.06.17: «Har lest gjennom ny prosjektplan og funnet at det er betydelig forbedringer i forhold til den som ble presentert på møtet 30. mai. I formål har de sagt at de kan komme med mulige forbedringsområder. Problemstillingene er også mer konkrete og tydeligere enn i den første planen. I metode har de tatt med intervju av tilsette som det ble påpekt på møtet. I det hele en mer konkret plan som jeg kan være med å godkjenne. Håper på at resultatet og kan bli konkret og nyttig!»

Øyvind Hellerslien 04.16.17: «Revidert prosjekt plan ser bedre ut. Jeg kan slutte meg til den for denne gang, men jeg vil at vi i fremtiden blir mer kritisk til bruk av prosjekter og at det er et reelt behov for at det gjennomføres. Vi må være sikker på at ressursene som blir brukt på konsulentselskapet gir et fornuftig resultat tilbake og har en verdi til bruk for kommunen.»

Linda Ånderå Bokn 05.06.17: «Støtter dette.»

Samrøystes vedtak av kontrollutvalet 06.06.17:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Økonomistyring" i tråd med det reviderte utkastet til prosjektplan som ligg føre.

Ramma vert sett til 200 timar.

Rett utskrift:

Aksdal, 06.06.17


Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	05.09.17	17/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – KULTURSJEF

Bakgrunn:

Kontrollutvalet vedtok i møtet 09.02.16, sak 3/16 å sette opp ein plan for orientering om resultalaområda og stabsfunksjonane i møta framover. Utvalet sette opp følgjande rekkjefølge:

- omsorgssjef,
- personal- og organisasjonssjef,
- skulesjef,
- helse- og førebyggingssjef,
- barnehagesjef,
- teknisk sjef,
- kultursjef,
- plansjef og
- økonomisjef.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar administrasjonen står overfor. Planen blei oversendt rådmannen 14.02.16. Det framgikk i brevet at tidspunkta kunne endrast/byttast for dei inviterte.

Det blei tidleg gjeve melding om at dei to fyrste inviterte ønskte å bytte dato, slik at personal- og org.sjef **Kristin Helle** møtte i maimøtet og skulesjef **Eli Krokedal** i september 2016. Det var planlagt at omsorgssjef skulle møte i november, men barnehagesjef **Anne-Lise Myrvoll** møtte i november og omsorgssjef **Annbjörg Lunde** møtte i februar 2017. I mai møtte teknisk sjef **Bjørn Bruaset** og no står kultursjef **Ingvar Frøyland** for tur.

Det er rådmannen som vel om han også møter eller om kultursjef møter som representant for rådmannen. I neste møte vil det truleg bli orientert om fagfeltet helse- og førebygging.

Utvalet blei samd i at orienteringa skulle vere på ca. 20 minutt og deretter spørsmål. Utvalet kunne komme med innspel på emne og spørsmål via sekretariatet seinast ei veke før møtet, men helst så tidleg som mogeleg slik at dei inviterte skal kunne førebu seg.

Sekretariatet ser gjerne at det vert orientert om sterke og svake sider ved kommunen og kva utfordringar Tysvær kommune står foran, herunder seie litt om følgjande punkter:

Generelt om resultateininga

- plassering i organisasjon
- tjenestetilbod
- personale: tal på tilsette, kompetanse, sjukefråver
- økonomi
- samarbeid med dei folkevalde

Tanker om framtida

- tenestebehov/tilbod – utfordringar/endingar
- kompetansebehov
- evaluering/utvikling

Kontroll og tilsyn

- tidlegare forvaltningsrevisjonar. I så fall, kva har disse ført til?

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tek kultursjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

Aksdal, 28.08.17



Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	05.09.17	18/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	151	

OPPFØLGING AV MERKNADER I REVISJONSRAPPORT - ÅRSREKNESKAP 2016

- Vedlegg:**
1. Tilsvar -- brev til leiinga rekneskap 2016, dagsett 10.08.17
 2. KPMG sitt brev til leiinga nr 4 – årsoppgjer 2016

Bakgrunn

Etter forskrift § 8 skal kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader i revisjonsmelding og i årsoppgjersbrev blir fulgt opp:

«Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, , skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp. «

Grunnlaget for handsaminga av Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2016 var rekneskapen med notar, rådmannen sin årsrapport og revisor si revisjonsmelding og årsoppgjersbrev (numerert brev nr 4).

Totalt sett blei rekneskapen for 2016 gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (driftsoverskot) på 51 mill kr (etter avsetjing av driftsmidlar til investeringar og fond i samsvar med budsjett). Årsrekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat med 93,8 mill. kr, som er 9,2 % av driftsinntektene. Korrigert netto driftsresultat, kor eigedomsskatt til Bokn er trekt frå og inkludert renter, utgjorde 88,3 mill. kr, nær 8,4 %. Resultatet var blant dei høgaste/beste i landet.

Revisor hadde ei såkalla rein melding, dvs utan atterhald eller presiseringar. I årsoppgjersbrevet hadde revisor komme med to innspel til korleis rekneskapen burde innordnast for å vera i samsvar med kommunelova. Sekretariatet skrev i saksframlegget at kontrollutvalet måtte vurdere om dei ville ha tilbakemelding frå administrasjonen på det revisjonen tok opp i årsoppgjersbrevet. Sekretariatet gjorde framlegg om det og kontrollutvalet vedtok samrøystes i sak 12/17:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i revisjonsrapporten er fulgt opp.

Årsoppgjersbrevet, dagsett 18.05.17, følgjer som vedlegg 2. Brevet/revisjonsrapporten omhandlar to punkt:

- 1) manglande fullmakter etter budsjett- og delegasjonsreglementet og
- 2) manglande rebudsjettering av investeringar.

Økonomisjef og revisor hadde i forkant av kontrollutvalgsmøtet drøfta innhaldet i brevet. Økonomisjef viste i møtet til at oppdatert reglement var på veg til politisk handsaming i juni, og at rebudsjettering var vanskeleg å etterleve i det verkelege livet.

Sekretariatet mottok kommunen sitt tilsvaer 21.08.17 (brev dagsett 10.08.17) og den følgjer saka som vedlegg 1.

Her blir dei forholda som revisor har teke opp nærare kommentert med kva som er gjort eller vil bli gjort. Rådmannen omtaler fyrste punkt som:

1) Drift

Avvik mellom avsettingar vedtatt av kommunestyret og rekneskapsførte avsettingar

Økonomisjefen forklarar budsjetttrutar og fullmakter nærare i tilsvaret. Kommunestyret vedtok nytt budsjett- og økonomireglement i møtet 20.06.17, sak 28/17. Samla sett meiner rådmannen at praksis ikke er i motstrid til lova.

Andre punkt er omtala som:

2) Investering

Investeringsregkneskapsen er avslutta utover budsjett vedtatt av kommunestyret

Det blir vist til i tilsvaret at økonomistyring som i utgangspunktet er knytt opp mot det einskildeprosjekt vil bli krevjande. Økonomisjefen meiner noverande praksis gir betre økonomistyring, og blir følgd opp i rapportering til politisk nivå. Rådmannen vil likevel sjå på om det kan finnast forenkla måtar å nærma seg intensjonen bak denne rettleiaren. Det blir vist til at kommunane på Haugalandet har ulik praksis i korleis denne rettleiaren vert følgd opp.

Sekretariatet si vurdering

Kontrollutvalet har bedt om tilbakemelding og det er gjort. Det går vidare fram at revisor og administrasjon har ulikt syn på å forståinga av kommunelova, men sekretariatet meiner det er ikkje grunn for utvalet å fremme nokre pålegg, då kommunen har god kontroll med økonomistyringa.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tar rådmannen sitt tilsvaer på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapsen 2016 til orientering.

Aksdal, 29.08.17

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



Kontrollutvalet i Tysvær
5570 Aksdal

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 21.08.17
Journalført: 17/261/17
Arkivkode: 212

BREV TIL LEIINGA REKNESKAP 2016 - TILSVAR

Revisjonen har i brev oversending 18. mai 2017 – Brev til ledelsen nr. 4 – årsoppgjør 2016 gitt innspel og kommentarar til kommunens rekneskap for 2016. I brevet kjem revisjonen med nokre tilrådingar om korleis rekneskapen bør innordnast for å vera i samsvar med kommunelovens § 48 nr. 3, slik revisjonen vurderer lova.

I brevet gjeld det desse to punkta:

Drift:

Avvik mellom avsettingar vedtatt av kommunestyret, og rekneskapsførte avsettingar

Investering:

Investeringsregnskapet er avslutta utover budsjett vedtatt av kommunestyret

Kontrollutvalet handsama rekneskapen i sitt møte 30. mai, og bad rådmannen koma tilbake med eit tilsvaer på dei problemstillingane som revisjonen reiser i sitt brev. Frist er sett til 1. september.

Rådmannen kommenterer i det etterfølgjande revisjonen sine tilrådingar.

Tilsvaer drift:

Kommunestyret vedtek netto budsjetttrammer for dei ulike resultatområda. Rapportering og økonomi-styring vil da løpande skje innanfor denne ramma. Budsjettet kan innehalda både finansiering av tiltak med fond, og i mindre grad avsetting til fond. Når rekneskapen skal gjerast opp, vil det vera fleire tiltak som er av ein art som gjer at midlar må settast av til seinare år. Det kan ligga føre tydelege føringar på at midlar som ikkje er nytta i inneverande år, kan nyttast i seinare år.

Kommunestyret vedtok revidert budsjett- og økonomireglement i sitt møte 20. juni 2017. Det er ikkje gjort endring i rådmannens fullmakter på dette punktet frå tidlegare reglement:

- *Rådmannen kan, innanfor ei vedtatt netto budsjetttramme, gjera avsettingar til disposisjonsfond som er ikkje-prinsipielle.*

Reglementet har eit skilje mellom prinsipielle avgjerder som må takast politisk, og ikkje prinsipielle avgjerder som blir tatt administrativt av rådmannen. Om kva som er av prinsipiell art seier Ot.prp. nr. 42 (91-92) m.a. følgjande:

«Hva som er av prinsipiell betydning må fastsettes ikke bare ut fra vedtakets karakter og konsekvenser og ut fra kommunens ... størrelse, men også ut fra en vurdering av i hvilken utstrekning de viktige skjønnsmessige sider av den aktuelle avgjørelsen må anses klarlagt gjennom politiske vedtak, instruks eller tidligere praksis»

Dette har fungert godt i praksis i Tysvær.

I tillegg til dette er det gjort avsetningar til fond av ikkje-nytta investeringsmidlar øymerka til investeringar. Rådmannen har vurdert at slike avsetningar kjem inn under ikkje-prinsipielle avgjerder, i og med at kommunestyrets budsjettvedtak klart tydeleggjer at desse summar skal nyttast til investering som overføring frå drift. Dette gjeld i praksis konkret oppfølging av kommunestyret sitt budsjettvedtak. I 2016 var det spesielt stort avvik mellom budsjettert overføring til prosjekt og gjennomførte investeringar. Fondsavsettinga var difor stor i 2016. Slik fondsavsetting har vore praksis i alle år, men har som nemnt ikkje vore eksplisitt nemnt i delegeringsreglementet. I revidert reglement er difor dette punkt spesielt fokusert og vedtatt, i og med at summane her kan bli store:

- *Rådmannen kan setta av unytta midlar budsjettert som driftsoverføring til investeringar til disposisjonsfond, øymerka konkrete vedtekne investeringsprosjekter.*

Samla sett meiner rådmannen at praksis rundt avsetningar, som her er skissert, ikkje er i motstrid til kommunelovens paragraf 48 nr. 3. Det har også vore nedfelt i tidlegare delegeringsreglement at rådmannen har slike fullmakter til avsetting, men det er gjort spesiell presisering med omsyn til overføring av ubrukte driftsmidlar til investering i revidert reglement.

Tilsvar investering:

Kommunestyret vedtar kvart investeringsprosjekt eksplisitt. Økonomistyringa må då skje på prosjektnivå. Finansiering av årets investeringar skjer imidlertid med ei samla finansiering som består av overføring av driftsmidlar, bruk av fond, ulike tilskott og lån. Når kommunestyret vedtar investeringsbudsjettet, fordeler økonomisjef finansieringa på det einskilde prosjektet, og eitt prosjekt kan få finansiering frå ulike kjelder. Naturleg nok vil det bli avvik mellom kva som er konkret vedtatt som budsjett for eit prosjekt, og kva som er gjennomført i rekneskapsåret. Prosjekt kan av ulike grunnar bli forseinka, slik at det budsjettet som er vedtatt i året, rekneskapsmessig blir gjennomført med fordeling på fleire år.

Når det i brevet blir nemnt konkrete summar i avvik frå budsjett, både med omsyn til finansiering med driftsmidlar, fond og lån, er det naturleg i og med at finansiering heile tida skjer opp mot prosjekt som også kan ha si budsjettering i eit tidlegare år.

Regelverket rundt rebudsjettering av investeringsprosjekt når det ikkje er samsvar mellom budsjett og rekneskap, kjenner rådmannen godt til. Rådmannen er også samd i at Tysvær ikkje har rebudsjettert ved slike avvik, og at dette då formelt ikkje er korrekt i forhold til rettleiar på dette punktw. Denne rettleiaren blir av rådmannen vurdert å ha krevjande retningslinjer, om den skal etterlevast. Ved rebudsjettering av prosjekta, vil finansieringa for mange prosjekt måtte endrast. Økonomistyringa som i utgangspunktet er knytt opp mot det einskilde prosjektet, vil bli krevjande. Noverande praksis ved å følgja heilt konkret opp eksplisitt finansiering av det einskilde prosjektet, gir betre økonomistyring, og blir følgt opp i rapportering til politisk nivå.

Rådmannen vil likevel sjå på om det kan finnast forenkla måtar å nærma seg intensjonen bak denne rettleiaren, utan at det gir dårlegare økonomistyring. Det kan kanskje tenkjast ei forenkla rapportering til politisk nivå med anslag over kor stor del av vedtatt investeringsbudsjett som ein ser ikkje blir gjennomført i rekneskapsåret. Kommunane rundt oss har svært ulik praksis i korleis denne rettleiaren kan følgjast opp.

Med helsing

Arvid S. Vallestad
rådmann

Tor Leif Helgesen
økonomisjef



KPMG AS
Karmsundgata 72
N-5529 Haugesund

Telephone +47 04063
Fax +47 52 70 37 70
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

(2)

Tysvær Kommune
Rådhuset

5570 Aksdal

Tor Leif Helgesen

Deres ref TLH

Vår ref RS

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 24.05.17/01.06.17
Journalført: 17/231/tha
Arkivkode: 212

18. mai 2017

Brev til ledelsen nr. 4 – årsoppgjør 2016

Vi har nå gjennomført vår revisjon for regnskapsåret 2016 og ønsker i den anledning å gi enkelte innspill og kommentarer til kommunens ledelse og styre. I tillegg har mindre vesentlige forhold løpende blitt kommunisert med kommunens økonomiledelse.

Beskrivelse av våre innspill og kommentarer følger dette brev.


Vi gjør oppmerksom på at hovedhensikten med vår revisjon er å gi oss muligheten til på en forsvarlig måte å uttale oss om regnskapet. Våre kontroller er utført på testbasis og må ikke oppfattes som tester for å avdekke feil eller uregelmessigheter som er uvesentlige for regnskapet. Det må også understrekes at svakheter i regnskapssystemet og den interne kontroll kan medføre misligheter som våre normale tester ikke nødvendigvis vil avdekke.

Vi gjør videre oppmerksom på at kommunen i henhold til Bokføringslovens § 13 plikter å oppbevare nummererte brev fra revisor på lik linje med øvrig oppbevaringspliktig regnskapsmateriale.

Vi vil benytte anledningen til å takke for samarbeidet og den velvillighet vi har møtt fra kommunens ledelse og ansatte.

Dersom det skulle være spørsmål eller kommentarer til forholdene som er nevnt i brevet, ber vi om å bli kontaktet.

Med vennlig hilsen
KPMG AS


Roald Stakland
Statsautorisert revisor

Offices in:

Oslo	Grimstad	Molde	Trondheim
Alta	Hamar	Narvik	Tynset
Arendal	Haugesund	Sandnessjøen	Tønsberg
Bergen	Knaresund	Stavanger	Ålesund
Bodo	Kristiansund	Stord	
Elverum	Larvik	Straume	
Finnsnes	Mo i Rana	Tromsø	

Avslutning av driftsregnskap

Observasjon

Administrasjonen legger frem et driftsregnskap som viser et regnskapsmessig mindreforbruk på MNOK 51. Det er bokført regnskapsmessige avsetninger til disposisjonsfond på MNOK 56 mens vedtatt budsjett av kommunestyret var MNOK 35. Administrasjonen har som i tidligere år avsluttet driftsregnskapet i henhold til etablert praksis i kommunen, selv om denne ikke er skriftlig og vedtatt av kommunestyret.

Konsekvens

Regnskapsmessig mindreforbruk skulle vært MNOK 21 høyere da administrasjonen ikke har myndighet å foreta disposisjoner utover budsjett vedtatt av kommunestyret. Iht kommunelovens § 48 nr 3; "kommunestyret vedtar selv årsregnskapet". Bestemmelsen sier at da at beslutningen ikke kan delegeres til andre organer.

Anbefaling

Vi har fått opplyst at administrasjonen er i en prosess hvor de utarbeider en delegasjonsreglement, gitt det blir vedtatt av kommunestyret, kan gi administrasjonen myndighet til å selv foreta enkelte disposisjoner. Frem til delegasjonsreglementet er vedtatt av kommunestyret anbefaler vi at kommunelovens § 48 etterleves.

Avslutning av investeringsregnskap

Observasjon

Administrasjonen legger frem et investeringsregnskap som viser 0 i udekket. Det er bokført enkelte disponeringer som ikke er i samsvar med vedtatt budsjett. Dette henger blant annet sammen med at enkelte budsjetterte investeringsprosjekter har tidsforskyvninger på regnskapsførte utgiftene mellom de ulike år, til tross for at selve den totale utgifter er i tråd med vedtatt investeringsbudsjett. Som en følge av dette er det da blant annet regnskapsført avsetninger til, og bruk av ubundne investeringsfond med MNOK 27 mens budsjett viser kr 80.000.

Videre er bokført bruk av lån med MNOK 127, mot MNOK 115 i budsjett, en økning på MNOK 12. Overførsel fra driftsregnskap er bokført med MNOK 9 mot MNOK 28 i budsjett, en reduksjon på MNOK 19. Videre er det regnskapsført bruk av ubundne investeringsfond og disposisjonsfond med samlet MNOK 27 mens budsjett viser kr 80.000.

Administrasjonen har som i tidligere år avsluttet investeringsregnskap i henhold til etablert praksis i kommunen.

Konsekvens

Iht kommunelovens § 48 nr 3; " kommunestyret vedtar selv årsregnskapet". Bestemmelsen sier at da at beslutningen ikke kan delegeres til andre organer. Det er også gitt krav i "Veileder i budsjettering av investeringer og avslutning av investeringsregnskapet" som sier at investeringsbudsjett skal være ettårig. Det innebærer at flerårige investeringsprosjekter må rebudsjetteres årlig.

Administrasjonen har avsluttet investeringsregnskapet utover budsjett som er vedtatt av kommunestyret.

Anbefaling

Vi anbefaler vi at kommunelovens § 48 og veileder i budsjettering av investeringer og avslutning av investeringsregnskapet etterleves.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	05.09.17	19/17

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2017

Vedlegg: Revisor si eignerklæring, dagsett 14.08.17

Saksorientering:

Kommunelova § 79 og forskrift om revisjon (revisjonsforskriftene) kap. 6 (§§ 13 – 15) slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal være uavhengig til den reviderte verksemd.

Forskriftene slår også fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet. Ifølgje kommunelova § 79 skal den som foretar revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ein slik tilknytning til kommunen at den kan svekke revisor si sjølvstende og objektivitet. I tillegg seier forskriftene §§ 13 og 14 noe om dei krav som vert stilt for at revisor skal være uavhengig, og dei begrensninger som gjeld for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Vurdering:

I følgje revisjonsforskriftene § 15 skal oppdragsansvarleg revisor **årleg**, og elles ved behov, gje **ein skriftleg eignerklæring** av si sjølvstende til kontrollutvalet. Krav til sjølvstende og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som pliktar å leggje fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Statsautorisert revisor Roald Stakland i KPMG gjer greie for si sjølvstende overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i revisjonsforskriftene. Det går fram at det ikkje ligg føre noe som tilseier at han ikkje er uavhengig når det gjeld forholdet til Tysvær kommune. Fråsegna vert gjeve på revisor sitt eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men takast til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tar den framlagde eignerklæring for 2017 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland, KPMG AS til orientering.

Aksdal, 29.08.17



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



KPMG AS
Karmsundgata 72
N-5529 Haugesund

Telephone +47 04063
Fax +47 52 70 37 70
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

VEDLEGG
SAK 19/17

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 17.08.17
Journalført: 17/258/the
